



KLIMAPLAN



Vanylven kommune

vedtak 59/2019

07.05.2019

Kommunestyret handsama i møte den 07.05.2019 – sak 59/2019.

Følgjande vedtak vart fatta:

Vanylven kommune eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan Klimaplan 2018-2030.

04.02.2019

Kommunestyret sak 10/2019.

Følgjande vedtak vart fatta:

Saka vert utsett og sendt tilbake til administrasjonen.

Innspel frå folkemøtet må takast med i planen.

04.09.2018

Formannskapet sak 110/2018. Følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vert Klimaplan 2018-2030 lagt ut til offentleg høyring i 6 veker.

26.06.2018

Formannskapet ak 91/2018. Følgjande vedtak vart fatta:

Planprogram for arbeidet med ny kommunedelplan for klima vert godkjent slik det ligg føre.

24.04.2018

Formannskapet sak 53/2018. Følgjande vedtak vart fatta:

I samsvar med pbl. § 11-14 vert 1. utkast til ny klimaplan 2018-2030 lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Formannskapet sak 52/2018. Følgjande vedtak vart fatta:

1. I samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 11-12 og vedteken planstrategi varslar Vanylven kommune oppstart av arbeid med ny tematisk kommunedelplan for klima.
2. Framlegg til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med pbl. §§ 4-1, 5-2 og 11-13. Høyringsfrist vert satt til 6 veker.

19.09.2017

Formannskapet sak 114/2017. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Vanylven kommune vedtek å ta del i prosjektet rullering av Klimaplan gjennom Sunnmøre regionråd. Kommunen sin andel av kostnadane (eigen- del) vert å dekkje inn over drifta.
2. Som deltakar i arbeidsgruppa i Sunnmøre regionråd vert eigedomsforvaltar Frode Ellingsund frå administrasjonen vår mann i prosjektet.
- 3.

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet i Vanylven kommune.

OVERSIKT

1 Fordord	4
2 Innleiing	4
3 Evaluering av førre klimaplan og rammer for ny plan	5
4 Status for Vanylven kommune	6
5 Visjon og mål	9
6 Handlingsplanar mot 2022	10

Vedlegg
Nyttige nettstadar om klima, miljø og energi

2

INNLEIING

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane verda står ovanfor i dag og Vanylven tar desse på alvor. Forskarar og politikarar frå heile verda er samde om at det er nødvendig med kraftige og vedvarande kutt i klimagass-utsleppa. På klimatoppmøtet i Paris i 2015 vart toppleiarar i verda derfor også samde om ein klimaavtale som forpliktar nasjonane til å gjere alt dei kan for at temperaturen ikkje skal stige meir enn to grader. Dette er i følge FN grensa for kva naturen kan tåle. Stig temperaturen meir enn dette vil vidare endringar i klima og miljø kome ut av kontroll.

Noreg har forplikta seg til å kutte utslepp av klimagassar med 40 % innan 2030, samanlikna med 1990. Dersom vi skal oppfylle målet krev det ei omfattande omlegging av samfunnet, noko som sjølvsagt også får følgjer i Møre og Romsdal.

I regional delplan har fylkestinget som mål at utsleppa av klimagassar i Møre og Romsdal innan 2020 skal reduserast med meir enn 10 % frå 2009. Dei fire største sektorane for utslepp i fylket er samferdsel, industri, landbruk og stasjonær forbrenning og det er sett delmål for utsleppskutt, som til saman tilsvara hovudmålet i planen.

Kommunane har ei sentral rolle i klimaarbeidet. Det er påvist at kommunane kan påverke omlag tjue prosent av klimagassutsleppa i Noreg. Utfordringane knytt til klimaendringane er store og komplekse, og aktuelle tiltak omfattar innsats på ulike samfunnsområde- og nivå. Nokre av tiltaka krev politisk vilje og økonomiske prioriteringar, andre er eit spørsmål om å bryte vanar og endre tankegang. Felles utfordringar er å ha tilstrekkeleg kunnskap og ressursar innan klimaarbeidet, praktisk oppfølging og gjennomføring av ulike tiltak, og å forankre klimaarbeidet best mogleg i kommuneorganisasjonen.

Denne planen er ein oppfølgar til kommunens klimaplan frå 2010 og er retta mot klimautfordringar og utslepp av klimagassar innanfor Vanylven sin kommunegrense. Planen frå 2010 inneheldt også energiutgreiing for Vanylven, som mellom anna tok føre seg forbruk av elektrisk energi og utgreiing av alternative fornybare energikjelde. Det er i denne nye planen eit bevist val å ikkje bruke for mykje skriveplass om energiutgreiing, men heller presentere ei oversikt over nyttige nettstadar der ein kan finne informasjon om dette. Ein har tatt dette valet på grunnlag av at det er rask utvikling innan fornybar energi og utfasing av fossilt drivstoff, då særleg innan transportsektoren, og informasjon ein kunne presentert her ville fort blitt utdatert.

Det er i staden lagt vekt på dei viktigaste miljøindikatorane som ligg føre, og framtidige mål for reduksjon av klimagassutslepp.

Klimaplan 2018-2030 skal vere eit nyttig og operativt verkty som skal kome i møte kommunens visjon: «Vanylven skal vere blant Noregs fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling»

1

FORORD

Arbeidet med rullering av klimaplanen vart sett i verk etter vedtak i formannskapet den 19.09.2017 – sak 114/2017. Det vart samtidig vedtatt at formannskapet skulle fungere som styringsgruppe for arbeidet, samt at representantar frå administrasjonen skulle delta i prosjektet rullering av klimaplan gjennom Sunnmøre regionråd.

I saksutgreiinga står det at *«planen skal utarbeidast som temaplan/tiltaksplan og ha størst mogleg fokus på tiltak og handlingsplan. Ha ein tydeleg visjon/målsetting og vere brukarvenleg for administrasjon og politikarar»*.

Det er etter desse føringane Klimaplan 2018-2030 er utarbeidd, og vi har ei von om at planen er lesarvenleg også for næringsliv og innbyggjarar.

Vanylven kommune sin klimaplan frå 2010 er på vel 40 sider om ein også tar med handlingsdelen. Det har vert eit mål å gjere den nye planen meir operativ, samstundes som ein best mogleg prøver å oppfylle dei statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging. Ein konsekvens av nemnde føringar og mål er difor at den nye planen vert betydelig meir samanfatta samanlikna med planen frå 2010.

Arbeidsgruppa

3

EVALUERING AV FØRRE KLIMAPLAN OG RAMMER FOR NY PLAN

Den førre klimaplanen inneheldt ein handlingsplan med totalt 49 tiltak som skulle gjennomførast i planperioden 2010-2015. Etter ein gjennomgang i 2018 visar det seg at 1) om lag 30% av dei planlagde tiltaka er heilt gjennomført. Årsaken til dette er at handlingsplanen var for ambisiøs og ressursane og kapasiteten for å gjennomføre tiltaka ikkje var tilstrekkeleg. Erfaringane som Vanylven kommunen har gjort med den førre klimaplanen vert også delt av dei fleste andre kommunane på søre Sunnmøre, framkjem det under felles evaluering på møte med Sunnmøre regionråd. Samstundes er det i kommunane gjennomført tiltak som ikkje står i handlingsplanen, men som har vorte aktuelle å gjere på grunnlag av teknologisk utvikling og/eller at det har vist seg samfunnsøkonomisk lønnsamt.

Eit godt eksempel på tiltak som er gjennomført sjølv om det ikkje står i den førre planen, er etablering av ladestasjon for elbilar på Fiskå (2018). Ladestasjonen vart etablert mellom anna for å møte det stadig voksende talet på elbilar i samfunnet og for å leggje til rette for at endå fleire kan køyre miljøvennleg. Det at stasjonen vart etablert i kommunesenteret, med mange arbeidsplassar og handelsstad, var også eit samfunnsøkonomisk argument. Som det står i forordet, har det vert eit mål å gjere denne nye planen meir operativ. I dette ligg også at handlingsdelen må verte meir realistisk med tanke på dei tiltak ein ønskje å gjennomføre, og med tanke på ressursar og kapasitet som er tilgjengeleg. Sjølv om handlingsdelen inneheld færre tiltak enn tidligare, er tiltaka som er valt likevel meir innverknadsrike og føremålstenleg enn tidligare, utan at det går på kostnad av gjennomføringsemna.

Vanylven kommune sin rolle på klima- og energiområdet er:

- Utøvar av mynde, derunder lokal planmynde
- Eigar av bygg og anlegg, inkludert kommunale vegar
- Grunneigar
- Politisk aktør og lokal samfunnsutviklar
- Tenesteleverandør
- Eigar og driftar av kjørety og farty
- Innkjøper av varer og tenester
- Byggesakshandsamar
- Delta i regional planlegging

Rammene og retningslinjene som er lagt til grunn i utarbeiding av den nye klimaplanen, og som vert lagt til grunn ved gjennomføring av tiltak er; Statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging i kommunane (2009), Statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal og transportplanlegging og Regional delplan for klima og energi (2015-2020). Vidare vert også Klimahjelparen frå DSB (2015) ei viktig rettleiar for å ivareta samfunnsstryggleik og klimatilpassing i planlegging etter plan- og bygningslova.

Klimaplan 2018-2030 med handlingsdel skal leggest til grunn ved kommunens rullering av kommunedelplan for samfunn og areal. Tiltaka i klimaplanen skal årleg inkludert i kommunens økonomiplan og årsbudsjett.

1) Oversikt ligg som vedlegg. Om lag 25% er delvis gjennomført.

4

STATUS FOR VANYLVEN KOMMUNE

Det vert i denne delen lagt fram statistikk for klimagassutslepp i åra 2009, 2011, 2013 og 2015, samt framskrivingar av utsleppa fram til 2025. Framskrivningane synar dei forventede utsleppa i dei ulike sektorane dersom trenden i åra 2009-2015 fortsett på same måte.

SSB publiserte tidlegare statistikk over energibruk og klimagassutslepp fordelt på kommune og fylkeskommune for årene frå 1991 til 2009. Statistikken blei avvikla, mellom anna på grunn av utfordringar med kvaliteten. Det anbefalast at utsleppstal for årene frå 2009 og framover frå SSBs nye kommuneanalyse så langt det lar seg gjere nyttast utan å koble det til utsleppstal frå den nedlagde statistikken. Det er difor ikkje tatt med tal på utslepp frå før 2009 i denne planen.

Alle tala i dei påfølgande figurane er utarbeidd av SSB, lasta ned frå www.miljostatus.no og bearbeidda for presentasjon av Vanylven kommune. Utsleppstal for 2017 var endå ikkje publisert då arbeidet med denne planen fann stad.




Fig.1. Klimagassutslepp i alt (CO2-ekv) for Vanylven kommune 2009-2015

Det er særleg utslepp frå sektorane «Jordbruk- kunstgjødsel og anna jordbruk» samt «Vegtrafikk» som har auka dei seinaste åra. Det har også vert ein auke i utsleppa frå «Avløp og avfall unntatt deponi», men den totale mengda frå denne sektoren utgjer lite samanlikna med dei ovannevnde.

Sektoren «Jordbruk- husdyr og husdyrgjødsel» er den største bidragsytaren til klimagassutslepp, mykje på grunn av at metan og lystgass er høvesvis 28 og 265 gonger sterkare drivhusgass samanlikna med CO2. «Vegtrafikk» følgjer like bak om ein slår saman utsleppa frå lette og tunge kjørety.

Utslepp frå «Avfallsdeponigass» og «Oppvarming» har hatt ein jamn nedgåande trend.




Fig.2. Totale klimagassutslepp (CO2-ekv) for Vanylven kommune 2009-2015

Utsleppet i 2015 var 5,77% lågare enn i 2009, sjølv om det har vert ein auke (3%) dersom ein teke utgangspunkt i

tala for 2011. Årsaken til denne auken i 2013 og 2015 ligg mellom anna i økt utslepp frå vegtrafikk.




Fig.3. Samanlikning av klimagassutslepp i 7 kommunar på Søre Sunnmøre i perioden 2009-2015

Det er tatt med ein samanlikning av utslepp for Vanylven mot 6 andre kommunar på Søre Sunnmøre. Trenden er lik for dei fleste kommunane med at utsleppa er noko lågare i 2015 enn i 2009, med ulike variasjonar år til år i kommu-

nane. Det har jamt over vert eit stabilt nivå på utsleppa i kommunane.

I dei neste figurane er det vist framskrivingar av utslepp i dei ulike sektorane i Vanylven.




Fig.4. Avfallsdeponigass, framskrivingar




Fig.5. Avløp og avfall unntatt deponi, framskrivingar




Fig.6. Jordbruk- husdyr og husdyrgjødsel, framskrivingar




Fig.7. Jordbruk- kunstgjødsel og anna jordbruk, framskrivingar




Fig.8. Oppvarming, framskrivingar




Fig.9. Vegtrafikk- lette kjørety, framskriving




Fig.10. Vegtrafikk- tunge kjørety, framskrivingar




Fig.11. Totalt, framskrivingar

*Framskriving for utseipp gjeldande «dieseldrevne motorredskap» er ikkje tatt med grunna usikre og manglande tal.

Det er utseipp av klimagassar frå sektorane «Avløp og avfall unntatt deponi», «Jordbruk- kunstgjødsel og anna jordbruk» samt «Vegtrafikk- lette og tunge kjørety» som er forventa å auke i åra framover. For dei andre sektorane er det forventa ein nedgang i utseipp.

Om ein ser på Fig.11 er det forventa ein nedgang også for klimagassutseippa sett under eit fram mot 2025.

5

VISJON OG MÅL

Den klare og tydelege visjonen når det gjeld klima og miljø i Vanylven, ligg i utsegna;

«Vanylven skal vere blant Noregs fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling»

(Kommuneplan til 2020, samfunnsdelen)

I følge den norske klimalova som trådte i kraft 1.1.2018 skal det totale klimagassutsleppet for Noreg kuttast 40% innan 2030 og reduserast med 85% til 95% innan 2050 samanlikna med utsleppsnivået i 1990. Det er knytt stor usikkerheit til dei kommunefordelte utsleppstalla frå 1990, og det er difor utfordrande å setje eit mål for Vanylven basert på desse talla. Det mest nærliggande er å setje seg ut nye mål med bakgrunn i tall for utslepp i Vanylven dei seinaste åra.

Jf. Dei statlege retningslinene klima- og energiplanlegging i kommunane punkt 4d, skal planen innehalde ambisiøse mål for utsleppsreduksjon. Dette vert det lagt vekt på når mål for Vanylven skal settast. Det er satt to delmål og eit hovudmål, og ein har fordelt desse måla på 3 periodar a 4 år fram mot 2030.

Samanlikna med utsleppstala for Vanylven i 2015, vert det satt følgjande mål fram mot 2030:

DELMÅL 1

12% reduksjon av dei totale klimagassutsleppa (CO2-ekv) innan 2022

(Dei totale utsleppa i 2022 skal vere maksimalt 14,67x1000 tonn CO2-ekv.)

DELMÅL 2

25% reduksjon av dei totale klimagassutsleppa (CO2-ekv) innan 2026

(Dei totale utsleppa i 2026 skal vere maksimalt 12,5x1000 tonn CO2-ekv.)

HOVUDMÅL

40% reduksjon av dei totale klimagassutsleppa (CO2-ekv) innan 2030

(Dei totale utsleppa i 2030 skal vere maksimalt 10x1000 tonn CO2-ekv.)




Fig.12. Totale utslepp av CO2-ekv, trendlinje og målsetting fram mot 2030

6

HANDLINGSPLANAR MOT 2022

For Vanylven ligg det største potensialet for redusert klimagassutslepp, i sektorane jordbruk og transport. Likevel er det viktig med tiltak innan alle dei ulike sektorane for å nå utsleppsmåla.

I denne delen følgjer tiltak som skal bidra med å nå delmål 1 i perioden fram mot 2022. Handlingsdelen vil verte evaluert kvart år og rullert seinast i 2022 for å evaluere utviklinga i utsleppa og kome med eventuelle nye tiltak for å nå delmål 2 og hovudmålet innan 2030.

Forklaring på ansvarsfordelinga:

TS: Teknisk sektor

HO: Helse- og omsorgssektoren

KO: Kultur- og oppvekstsektoren

6.1 EIGEN ORGANISASJON: AVFALL, HALDNINGSSKAPANDE ARBEID OG OFFENTLEGE INNKJØP

Tiltak og føremål

- Miljøfyrtårnsertifisering av helse- og omsorgssenteret og rådhuset på Fiskå.
- Verksemda Vanylven kommune skal vere ein føregangsvirksemd innan klima og miljø og til etterfølging for andre. Gjennom haldningsskapande tiltak på arbeidsplassen skal tilsette tileigne seg ny lærdom og få eit større fokus på klima og miljø.
- Miljø- og klimaarbeid i skular og barnehagar.

Handling

Haldningsskapande tiltak og endra rutine i eigen organisasjon. Det forventast at alle tilsette i kommunen skal spreie gode haldningar om klima og miljø. Det arrangerast orienteringsmøte om dette og etterleving følgast opp av leiinga. Kommunen skal under planlegging av innkjøp legge vekt på både livssyklus kostnader og miljømessige konsekvensar. Det skal så langt der er mogleg stillast konkrete miljøkrav til produktets yting eller funksjon. Som Miljøfyrtårn-kommune skal Vanylven oppmode verksemder i kommunen til å bli Miljøfyrtårn. Vanylven skal sertifisere ikkje-kommunale verksemder i eigen kommune. Miljøstyringssystem vert etablert som ein del av kommunens totale styringssystem. Miljøstyringssystemet skal utforme, iverksette og vedlikehalde kommunens miljøpolicy.

I skulen og i barnehagen skal klima og miljø vere ein viktig del av læreplanen slik at elevar og born lærer å gjere gode klima- og miljøval.

Konkrete og praktiske tiltak som får born medvitne på klima og miljø, som t.d. resirkuleringsstasjonar skal utgreiast og innførast. Jf. ny læreplan skal berekraft og økologi vere eit sentralt tema i skulane.

Gjennomføring

Ansvar

Helse- og omsorgssenteret	2019	HO
Rådhuset	2020	TS
Årleg med start seinast	2020	KO

6.2 INNBYGGJARRETTA TILTAK

Tiltak og føremål

- Haldningsskapande arbeid og informasjonskampanje retta mot privatpersonar og næringsliv.
- Avfallsreduksjon og reduksjon av bruk av plast. Bidra til å auke kunnskap og fokus på energi, klima og miljø.

Handling

Informasjonskampanje retta mot private og næringsliv. Nei til uadressert reklame - bruke klistermerke på postkasse. Haldningsskapande tiltak og kampanjar retta mot born og foreldre i skular og barnehagar. Haldningsskapande tiltak retta mot brukarar av offentlege bygg, til dømes bibliotek, omsorgsinstitusjonar og liknande. Samarbeidstiltak med næringsliv og organisasjonar.

Gjennomføring

Ansvar

Årleg med start seinast	2020	TS
-------------------------	------	----

6.3

TRANSPORT OG AREALBRUK

Tiltak

- Lokal og regional areal- og transportplanlegging.
- Tilrettelegging for utvida bruk av kollektiv transport, gang og sykkel for å redusere klimagassutslepp.

Handling

Halde fram med å konsentrere nye bustadfelt nær dei respektive bygdesentra. Etablering og utbetring av gang- og sykkelvegar. Sikre gode kollektivtrasear på tvers av kommunegrense. Samordne utviklinga av gang- og sykkelvegar med lokalisering av haldeplassar for kollektivsystemet. Interkommunalt plansamarbeid for ein samordna utvikling på tvers av kommunegrense.

Gjennomføring

Årleg med start seinast

2020

Ansvar

TS

6.4

JORDBRUK

Tiltak

- Redusere avfall og utslepp frå jordbruk.
- Redusere avfall frå jordbruk sektoren og redusere klimagassutslepp.

Handling

Kommunen skal sjå til at jordbruksareal har god drenering og at det ikkje vert tilført meir næringsstoff enn det plantane har behov for. Ved tilstrekkeleg tett lagring av husdyrgjødsel kan ein hindre utslepp til luft. Informasjonskampanjar og rådgiving for tiltak mot jordpakking, betre gjødselplanlegging og – handtering, grøfting, energieffektiv traktorkjøring, økologisk landbruk og bruk av fornybare drivstoff. Utplassering av avfallscontainer i bygdene til bruk for bøndene med tanke på reduksjon av plastforsøpling frå rundball. Meir bruk av utmark.

Rådgjevar landbruk tileignar seg meir kunnskap om klimareduserande tiltak innan sektoren for å spreie vidare til bøndene.

Gjennomføring

Årleg med start seinast

2020

Ansvar

TS

6.5

AVFALL

Tiltak

- Utvida tilbod på miljøstasjonen.
- Redusere avfall på avvege, meir gjenvinning og utnytting av brukte gjenstandar. Redusere metanutslepp frå deponi

Handling

Utvide og betre tilbodet på miljøstasjonen. Utgreiing om etablering av gjenbruksstasjon. Utgreiing og evt. Tetting av lekkasjar frå avfallsanlegg.

Glas- og metalligloar i kvar bygd greiast ut og plasserast der det vurderast høveleg.

Gjennomføring

2020

Ansvar

TS

VEDLEGG

- Veivisar i kommunal miljøforvaltning:
<http://www.miljokommune.no/>
- Miljøinformasjon frå offentlege myndigheiter:
<http://www.miljostatus.no/>
- Energistatistikk på kommunenivå:
<https://www.ssb.no/statistikbanken/SelectVarVal/Define.asp?MainTable=NtoForbKraftGrKom&KortNavn-Web=elektrisitet&PLanguage=0&checked=true>
- Kommunestatistikk for Vanylven, befolkningsutvikling m.m.
<http://www.ssb.no/kommunefakta/vanylven>
- Omstilling til lav-utsleppsamfunn:
<https://www.enova.no/>